

Emne:	Referat frå regionalt planforum 30.10.2018 - Framlegg til samfunnsdelen av kommuneplanen		
Til stades:	Skåden	Jorunn	Sveio kommune, ordførar
	Førre	Jostein	Sveio kommune, rådmann
	Tollefsen	Kenneth	Sveio kommune, kommunalsjef
	Hetlesæter	Bjarne	Sveio kommune, einingsleiar plan- og næring
	Steen	Petter	Sveio kommune, folkehelsekoordinator
	Smeland	Adelhei	Sveio kommune, oppvekst og kultur
	Aleheim	Åse	Sveio kommune, samfunnsplanleggjar
	Taule	Eva Katrine R.	HFK, plan - møteleiar
	Høgestøl	Erlend Jacobsen	HFK, plan - referent
	Engum	Hans Christian	HFK, plan
	Raddum	Gunhild	HFK, samferdsle
	Halsør	Tale	HFK, klima
	Espe	Hanne	HFK, kultur
	Aarø	Else	HFK, næring
	Håland	Kjell	HFK, KIRU (Utval for kultur, idrett og regional utvikling)
	Monsen	Øystein	HFK, fylkeskonservator
	Hauge	Egil	Fylkesmannen
	Nordahl	Sara	Fylkesmannen
	Aasen	Birte Markeseth	Fylkesmannen
	Tøsdal	Odd	Mattilsynet
	Pettersen	Christine	Mattilsynet
Forfall:	Statens Vegvesen		Sak: 2014/13624-128
Møtetid:	10:00-12:00	Møtestad: Sunnhordland, fylkeshuset	

Møteleiar: Eva Katrine Ritland Taule, fagleiar kommunal plan

Referent: Erlend Jacobsen Høgestøl

Planforum 30.10.2018 Sveio kommune

Møteleiar ønskte velkomen og deltakarane presenterte seg med namn og organisasjon/ansvarsområde.

1. Status i planarbeidet ved Åse Aleheim, samfunnsplanleggjar i Sveio kommune

Det blir i første omgang arbeid med samfunnsdelen. Kommunen vil utarbeide nokre overordna føringar i det vidare arbeidet som vil verte vedteke av kommunestyret i løpet av 2018.

Kommuneplanens arealdel viser kontinuitet i utbyggingsmønster. Det vert vist til strategiske val i planstrategien der viktige tema er belyst. For eit nærmare innsyn, finn ein desse på kommunen si nettside.

Kommunen har til saman hatt fem folkemøter der spørsmålet om kva som skapar det gode liv har stått sentralt. Kommunen sitt forslag til ny visjon er: *Vilje til vekst og det gode liv*. Emne kommunen vil arbeide vidare med er: *Sentrumsutvikling, næringsutvikling, strandsonoplanlegging og samferdsle*. Det er politiske forventningar om det gode liv. Kommunen har eit ønskje om å legge til rette for mjuke trafikantar. Kommunen har ein handelslekkasje på nærmare 70%.

2. Drøfting: Synspunkt og dialog

Folkehelse

Fylkesmannen: Skryt for planstrategien, den er enkel å relatere seg til. Folkehelse er godt handtert i planstrategien/planprogrammet. Når det gjeld universell utforming, vert det oppmoda til at dette vert omtalt og handtert i kommuneplanen. IS-0333 *Folkehelse og kommuneplanlegging, moment og tipsliste* frå Helsedirektoratet gir gode føringar for korleis dette kan gjerast.

Link: <https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/45/Folkehelse-og-kommuneplanlegging-moment-og-tipsliste-IS-0333.pdf>

Fylkeskommunen: Utfordrar kommunen til å gjere folkehelseoversikten tilgjengelig i planen og på kommunen sine nettsider. Det kjem ikkje tydelig fram i planen korleis kommunen har tenkt å fylgje opp arbeidet med å redusere helseforskjellar.

Strandsoneforvaltning

Fylkeskommunen: Det er gitt beskjed om at Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger vil bli handsama i departementet på nyåret. Fylkeskommunen si anbefaling er å nytte den regionale planen som utgangspunkt for vidare planlegging til tross for at den ikkje er endeleg godkjent. Før planen er stadfesta bør regionale etatar vere varsam med å nytte den som motsegngrunnlag. Generelle retningslinjer og kartleggingsarbeid vil likevel vere nyttig å bruke i kommunen si planlegging.

Sveio kommune: I samband med interkommunal strandsonoplan for Sunnhordland er det også utarbeidd eit kartgrunnlag. Funksjonell strandsoner er kartlagt. Fylkesmannen var ikkje heilt nøgd med kategoriseringa av strandsona.

Fylkeskommunen: I den regionale planen er det gjort vurderingar som legger grunnlaget for kva kommunane kan planlegge i strandsona.

Fylkesmannen: Har same utgangspunkt som HFK. Gjennom god planlegging kan ein få tiltak i strandsona. Det som er viktig for Fylkesmannen er at plangrunnlaget vert bra. Det er viktig at tema heng saman som samferdsel, hyttebygging, kystsone, Vikingland osv. Ein vil ikkje få same svaret for strandsona overalt. Kystkommunane må få lov til å utvikle sine tettstader i strandsona. Den regionale planen er ei fin innramming av handlingsrommet, som kommunen må ta med vidare i planarbeidet. Mindre spreidde tiltak som kjem lausrevet frå kommuneplanen sin arealdel er alltid det mest utfordrande. I LNF-områder kan det vere aktuelt å opne for tiltak som er lov etter § 1-8 i plan- og bygningslova. Elles er det i hovudsak i kommuneplanen det skal gjerast slike vurderingar.

Fylkeskommunen: Det er viktig med friluftsliv i nærmiljøet. Berre mindre tiltak som skal til. Lyssetting kan gjere mykje. Positivt at kommunen har ei heilskapleg tilnærming til friluftsliv.

Kulturminne

Fylkeskommunen:

Hovudutfordringa er å få til endringar i bruk av gamle sjøhusmiljø der husa ikkje har den funksjonen dei ein gang hadde. Beste måte å ta vare på disse, er å bruke bygga. Ved endra funksjon er det viktig å belyse kva konsekvensar det får for verdi og kulturmiljø. Generelt har kommunen ein veldig god kulturminneplan og omsynssoner i kommuneplanens arealdel for kulturminner.

Sveio Kommune: Det vil koste mykje å ivareta disse bygga, kan det opnast for å nytte dei til dømes til fritidsbustader?

Fylkesmannen: I tettstader kan dette vere aktuelt. Men det er meir utfordrande i meir perifere strøk der ein har mindre tilrettelagt infrastruktur. Då vert det behov for brannslukking, vegforbindelsar osv. Den enkelte plan må handtere disse problemstillingar gjennom konkrete vurderingar.

Akvakultur

Sveio Kommune: I førre kommuneplan var det ikkje politisk ønskjeleg med meir oppdrett. No er det annleis. Næringa har behov for å utvide, eller eventuelt å flytte anlegg, noko som vil krevje dispensasjon etter dagens KPA. Viser til nasjonale føringar om auka produksjon.

Kan kommunen utvide akvaområda i kommuneplanen for å legge til rette for næringas ønskjer?

Fylkeskommunen: Tanken i regional plan er at akvaområder skal vere store nok. Det er gjort ei arealavklaring. I Sveio er dei områda i regionalplankartet større enn det som ligg i kommuneplanens arealdel. Det er kome eit nytt rundskriv frå departementet om forholdet mellom plan- og bygningslova og andre sektorlover. Her er det gitt at kommunen som planmynde har moglegheit til å stille krav om reguleringsplan, men det vert ikkje anbefalt som eit generelt krav.

Sveio Kommune: Ønskjer Fylkesmannen krav om reguleringsplan?

Fylkesmannen: Sjølv i den raude sona er det rom for planlegging. Det viktige no er at samfunnsdelen seier noko om kva kommunen vil med akvanæringa. Kommunen bør legge regional plan til grunn. Det er også andre interesser som må bli høyrte utover havbruksnæringa. Fiskeri, villaks i Etneelva er dømer på dette. Samfunnsdelen må vekte mellom omsyn. Fylkesmannen ønskjer ikkje generelle krav om reguleringsplan i sjø. Det kan vere aktuelt for kommunen å stille krav dersom dei ser at det er fornuftig i nokre områdar. Reguleringsplan er aktuelt der man vil ta plangrep og aktuelle tiltak ikkje er i tråd med kommuneplanens arealdel. Legg til rette for næringa innanfor dei rammene som finnast. Vil kommunen auke biomasse eller ikkje? Dette er eit viktig spørsmål som kommunen bør belyse i kommuneplanarbeidet.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling: Regional plan har masse kunnskapsgrunnlag sjølv om planen ikkje er stadfesta. Bruk det.

Busetnad

Sveio kommune: Som nemnd tidlegare, kommunen har stor handelslekkasje og ønskjer difor å planleggje for større aktivitet i sentrum. Sveio kommune har mykje spreidd busetting, folk ønskjer å bu slik. Kor mykje kan ein legge til rette for denne type busetnad? Har fleire LNF-spreidd område, er det best å behalde dei eller skal vi legge dei ut som byggeområder? Kommunen peiker også på at det kostar mykje å ha spreidd busetnad.

Fylkeskommunen: Omfanget av utbygging i dei spreidde LNF-områda er i følge kommunen relativ avgrensa (5-10 i året), og kanskje betyr det at dagens verkemidlar er tilstrekkelege og at det ikkje er behov for å omdisponere desse areala?

Fylkesmannen: Vi kan ikkje svare på kva omfang av spreidd busetnad som er aktuelt. Det vil vere behov for noko spreidd. Jordvernomsyn vil vere eit viktig tiltak. Det vil også vere viktig å ha konkret avklaring av områda i kommuneplanens arealdel. Det må vere minst mogleg spreidd utbygging og kommunen bør føre landbruksrekneskap og transportrekneskap. Utbygging i strandsona bør bli unngått.

Fylkeskommunen: Korleis kommunen tenker kring framtidig skulestruktur er eit viktig grunnlag for å vurdere bustadbygging. Ved 4 km avstandsgrense må HFK betale skuleskyss. Kommunen bør unngå slik utbygging for å legge til rette for trygg skuleveg. Kommunen må vere bevisst om dei utfordringane som ligg i forhold til areal- og transport.

Fylkeskommunen: Det vert viktig med møteplassar for alle generasjonar.

Fylkesmannen: Har kommunen ein bustadsosial handlingsplan? Kommunen bør anten ha eigen plan eller integrere dette i kommuneplanen.

Klima

Fylkeskommunen: Det har blitt vedtatt ny statleg planretningslinje for klima. I Sveio er utsleppa i hovudsak knytt til transport. Det er lite fokus på fritidsreiser og det kan vere lurt å bygge opp dei satsingane som kommunen drar opp, det gode liv i kommunen. Dette kan redusere utfart. Sveio kommune er ein kommune med gode tilhøve for sol, dette kan gjere det aktuelt med nye energiløysingar. I tillegg er det ein satsing i regionen Sunnhordland om at alle kommunane skal miljøsertifiserast. Korleis passer denne satsinga inn i planarbeidet? Sertifiseringa er heilskapleg lagt opp og er relevant for kommuneplanarbeidet.

Fylkesmannen: Vi kan ikkje svare på kva omfang av spreidd busetnad som er aktuelt. Det vil vere behov for noko spreidd. Jordvernomsyn vil vere eit viktig tiltak. Det vil også vere viktig å ha konkret avklaring av områda i kommuneplanens arealdel. Det må vere minst mogleg spreidd landbruksareal og transportareal. Det må ikkje vere i strandsona.

Ny E39

Statens Vegvesen var ikkje til stades.

3. Andre innspel

Mattilsynet: Kjeldene for vassforsyning må vernast. Er kanskje vassforsyningsplanen frå 2012 moden for revidering?

Fylkeskommunen: Regional planføresegn for handel må også takast med i omsynet.

Ordførar takker for alle innspel, og er godt nøgd med at det kom inn så mange positive synspunkt. Sveio kommune opplevde dette som ein god dialog og vil ta dette med seg i det vidare arbeidet med samfunnsdelen.

Fylkeskommunen takkar for møtet, og håpar at dette var nyttig for kommunen, og at dei opplevde ein god dialog. Lukke til!

